

## MØTEINNKALLING

**Utval:** Arbeidsmiljøutvalet  
**Møtestad:** Formannskapssalen Herøy rådhus  
**Dato:** 07.11.2018  
**Tid:** 13:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møte i kommunale organ skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

---

Fosnavåg, 31.10.2018

Olaus-Jon Kopperstad  
Leiar


## **SAKLISTE:**

Saksnr	Innhold
PS 34/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 35/18	Protokoll frå førre møte.
PS 36/18	Sjuefråvær 2. tertial 2018
PS 37/18	Omorganisering i sektor for stab - Dokumentsenteret og politisk sekretariat
PS 38/18	Revidering av heidringsreglement for kommunalt tilsette



**PS 34/18 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 35/18 Protokoll frå førre møte.**



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Personal- og organisasjonsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	AKE	Arkivsaknr:	2016/138
		Arkiv:	441

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
36/18	Arbeidsmiljøutvalet	07.11.2018

### SJUKEFRÅVÆR 2. TERTIAL 2018

#### Tilråding:

Arbeidsmiljøutvalet tek saka til vitande.

Særutskrift:

Kommunestyre  
Rådmannen si leiargruppe  
Arbeidstakarorganisasjonane  
Hovudverneombod

**Vedlegg:****Tabell 1 viser sjukefråværet for 3. tertial 2017 og 1. og 2. tertial 2018**

<b>Tertialvise frávær i % Herøy kommune 3. tertial 2017, 1. og 2. tertial 2018</b>									
<b>L= Langtidsfrávær, K= Kortidsfrávær</b>									
<b>Avdeling</b>	<b>3. tertial 17</b>	<b>K</b>	<b>L</b>	<b>1. tertial 18</b>	<b>K</b>	<b>L</b>	<b>2. tertial 18</b>	<b>K</b>	<b>L</b>
Personal og org. inkl. HT	4,12	2,91	1,21	2,89	2,27	0,62	3,85	1,89	1,96
Økonomi (>10)	4,1	4,1	0	11,96	2,43	9,53	6,33	3,35	2,98
Fellessekr. (<5)	0,47	0,47	0	16,37	0	16,37	13,31	2,91	10,4
Rådm./ass.rådm. (<5)	0	0	0	0	0	0	0	0	0
IKT (<5)	0	0	0	-	-	-	-	-	-
Servicetorget (<10)	20,25	5,02	15,23	10,4	1,63	8,77	1,2	1,2	0
Utviklingsavd. (<10)	9	0,81	8,19	2,07	2,07	0	0,39	0,39	0
Barnehageavd. (<40)	8,07	2,91	5,16	14,67	2,92	11,75	9,12	2,85	6,27
Grunnskuleavd. (<250)	7,19	1,19	6	9,79	2,6	7,19	4,26	0,74	3,52
Anl. og drift (<15)	5,26	0,85	4,4	15,89	1,93	13,97	7,65	0,34	7,31
Brannvern (<30)	14,76	0	14,76	13,89	0,59	13,29	10,58	0,21	10,37
Helse (<40)	1,6	0,33	1,27	5,59	2,75	2,84	5,22	0,11	5,11
Pleie og omsorg (<300)	9,98	2,34	7,64	11,08	3,19	7,89	7,46	1,61	5,86
Bu og hab. (<75)	13,71	2,67	11,04	12,84	2,98	9,05	10,97	2,7	8,27
Barnevern (<10)	14,52	0,23	14,29	13,47	1,35	12,12	1,51	1,51	0
Kultur (>10)	8,95	1,75	7,2	19,25	0,83	18,42	13,79	0,25	13,54
Eigedom (<40)	7,53	3,93	3,6	12,77	3,56	9,21	9,84	2,34	7,5
NAV kommune (10)	24,69	2,78	21,91	19,59	0,65	18,94	14,71	4,88	9,82
<b>Totalt frávær</b>	<b>9,32</b>	<b>1,91</b>	<b>7,41</b>	<b>10,94</b>	<b>2,66</b>	<b>8,28</b>	<b>6,95</b>	<b>1,51</b>	<b>5,43</b>

**Tabell 2 viser sjukefrávær 2. tertial 2016, 2017 og 2018**


<b>Tertialvise frávær i % Herøy kommune 2. tertial 2016, 2017 og 2018</b>									
<b>L= Langtidsfrávær, K= Kortidsfrávær</b>									
<b>Avdeling</b>	<b>2. tertial 16</b>	<b>K</b>	<b>L</b>	<b>2. tertial 17</b>	<b>K</b>	<b>L</b>	<b>2. tertial 18</b>	<b>K</b>	<b>L</b>
Personal og org. inkl. HT	0,92	0,92	0	3,15	2,23	0,93	3,85	1,89	1,96
Økonomi (>10)	3,53	3,53	0	4,86	3,26	1,6	6,33	3,35	2,98
Fellessekr. (<5)	6,8	0,51	6,29	0	0	0	13,31	2,91	10,4
Rådm./ass.rådm. (<5)	0	0	0	0	0	0	0	0	0
IKT (<5)	10,59	0	10,59	0	0	0	-	-	-
Servicetorget (<10)	3,38	3,38	0	6,26	0,65	5,62	1,2	1,2	0
Utviklingsavd. (<10)	5	0,31	4,69	3,33	0,72	2,61	0,39	0,39	0
Barnehageavd. (<40)	6,4	1,35	5,05	5,71	3,47	2,24	9,12	2,85	6,27
Grunnskuleavd. (<250)	3,01	1,06	1,95	4,65	0,68	3,97	4,26	0,74	3,52
Anl. og drift (<15)	1,24	1,24	0	4,57	0,63	3,95	7,65	0,34	7,31
Brannvern (<30)	0,28	0,13	0,14	21,35	0,02	21,33	10,58	0,21	10,37
Helse (<40)	0,95	0,55	0,4	3,13	0,4	2,73	5,22	0,11	5,11
Pleie og omsorg (<300)	6,78	1,36	5,42	7,79	1,67	6,12	7,46	1,61	5,86
Bu og hab. (<75)	11,72	2,3	9,41	10,52	2,1	8,82	10,97	2,7	8,27
Barnevern (<10)	3,58	1,16	2,43	14,28	1,09	13,19	1,51	1,51	0
Kultur (>10)	0,45	0,22	0,22	2,41	0,73	1,67	13,79	0,25	13,54
Eigedom (<40)	10,84	2,38	8,46	8,49	1,85	6,64	9,84	2,34	7,5
NAV kommune (10)	11,1	3,9	7,21	21,36	1,77	19,58	14,71	4,88	9,82
<b>Totalt frávær</b>	<b>5,57</b>	<b>1,39</b>	<b>4,17</b>	<b>6,83</b>	<b>1,4</b>	<b>5,43</b>	<b>6,95</b>	<b>1,51</b>	<b>5,43</b>

### Saksopplysningar:

Herøy kommune har eit samla sjukefråvær på 6,95% for 2. tertial 2018. Dette ser vi av tabell 1. og 2. Med eit sjukefråvær på 6,95% har Herøy kommune nådd målet om 92,5% nærvær for 2. tertial 2018. Sjukefråværet 2. tertial 2018 er såleis ikkje ulikt fråværet for same tidsrom i 2017. Går vi tilbake til 2016 var sjukefråværet for 2. tertial 5,57, som er den beste målinga vi har hatt dei siste åra. Sjå tabell 2. og diagrammet under.

2. tertial har over tid vore den perioden i året det har vore lågast sjukefråvær over tid. Mykje av årsaken til dette er nok at mange vel å ta ut ferie i denne perioden, og såleis ikkje vert liggande med status sjukefråvær.

Diagram 1 Tertialvise fråvær 2014-2018



Dersom vi ser på utviklinga siste året (tabell 1), ser vi at 3. tertial 2017 hadde sjukefråvær på 9,32% medan 1. tertial 2018 hadde ein oppgang på om lag ein og ein halv prosent, for så å gå ned til 6,95%.

Variasjonane i sjukefråvær er stort mellom dei ulike seksjonar, avdelingar og sektorar, og er verd å merke seg at få tilsette gjer stort utslag på sjukefråværet.

Frå 1. tertial 2018 og til 2. tertial 2018, kan vi merke oss ein nedgang hos sektor for oppvekst som omfattar skule og barnehage. Skule har ein nedgang på 5,53% og barnehage har ein nedgang på 5,55%. Vi ser også at anlegg- og drift som sorterer under utvikling, har ein nedgang på 8,24% i perioden. Brannvern kan også vise til ein nedgang frå 13,89% til 10,58%. Likeeins har avdelingane som sorterer innan helse og omsorg hatt ein nedgang på 3,62%. Vi ser også ein viss nedgang i bu og habilitering på 1,87%. Barnevært kan vise til ein nedgang frå 13,87% til 1,51%, medan kulturavdelinga som sorterer under sektor for Samfunnsutvikling har ein nedgang frå 19,25% til 13,79%. Eigedom har om lag 3% nedgang i perioden 1. til 2. kvartar 2018.

Tala som ligg under NAV gir ikkje eit reelt bilete, då bustadsosiale tenester og flyktningtenester reelt sett ligg under Barn, familie og helse. Samla sjukefråvær for NAV, bustadsosiale tenester, sosialavdelinga og KVIKK Herøy (slik det kjem fram av tabellen), har ein samla nedgang på 4,88%.

Personal- og organisasjonsavdelinga som sorterer under Stab har ein auke på om lag 1%.

Det samla sjukefråværet for 2. tertial er om lag som forventa med omsyn til at det har vore ferieavvikling denne perioden og ut i frå det erfaringsgrunnlag med omsyn til talmateriale tilbake i tid. Sjukefråværet er likevel lagt over det vi kan seie oss nøgd med på mange av arbeidsplassane i Herøy kommune.

Herøy kommune jobbar både førebygging, og å legge til rette for at medarbeidarar skal kunne komme tilbake i arbeid etter sjukedom. Dette kan ofte ta tid. Vi er aktivt søkande etter å finne alternative arbeidsplassar i Herøy kommune, men vi ser mange klare avgrensingar med omsyn til kompetanse, arbeidsområder og det faktum at det skal finnast ei ledig stilling ein stad i organisasjonen. Elles fyl Herøy kommune faste rutinar for sjukefråværsoppfølging.

### **Vurdering og konklusjon:**

#### Konsekvensar for folkehelse:

Auka nærvær har positive konsekvensar for folkehelsa.

#### Konsekvensar for beredskap:

Ingen konsekvens.

#### Konsekvensar for drift:

Lågt sjukefråvær har konsekvensar for drifta. Det vert mellom anna mindre arbeid med å følgje opp sjukmelde, leige inn vikarar og lære opp nye vikarar.


Fosnavåg, 14.09.2018

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Ann Kristin Eiken  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ann Kristin Eiken





Stab

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	JVDH	Arkivsaknr:	2017/48
		Arkiv:	034

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
37/18	Arbeidsmiljøutvalet	07.11.2018

### OMORGANISERING I SEKTOR FOR STAB - DOKUMENTSENTERET OG POLITISK SEKRETARIAT

#### Tilråding:

Arbeidsmiljøutvalet tek omorganiseringa i Sektor for stab til vitende.

#### Særutskrift:

- Kommunalsjefane
- Arbeidstakarorganisasjonane

## Vedlegg:


### Samandrag av saka:

I dag er Dokumentsenteret og politisk sekretariat (DP) organisert direkte under kommunalsjef stab, med fagleiar som ansvarleg for dagleg drift. Administrasjonen ynskjer å organisere DP som eiga avdeling, på lik line med t.d. økonomiavdelinga.

### Saksopplysningar:

I dag er Dokumentsenteret og politisk sekretariat (DP) organisert direkte under kommunalsjef stab, med fagleiar som ansvarleg for dagleg drift. Kommunalsjef stab har ansvaret for budsjett, økonomi og personal. Fagleiar har vore ein del av kommunalsjefen si stabsleiargruppe, men med avgrensa fullmakter og mynde.


Fig. 1 Organisering per i dag:



I samband med tilrettelegging og naturleg avgang ved DP vart det naturleg å sjå på organiseringa. Fagleiar kan ikkje lenger ha fagansvaret, men vil framleis ha sin arbeidsstad ved DP.

Spørsmålet om ansvarsdeling mellom fagleiar og kommunalsjef stab vart eit tema. I den samanheng har det vore dialog i DP, og mellom fagleiar, kommunalsjef og rådmann om korleis ein best løyser denne situasjonen. Saman har ein kome til den konklusjon at ein best løyser ansvarsdeling, organisering og rekruttering ved å gjere DP til ei eiga avdeling. DP-avdelinga får ein leiar på avdelingsleiar nivå (kap. 3.4.3) med totalansvar.

Fig. 2 Organisering frå 1.1.2019



Dette vil etter administrasjonen sitt syn gje fleire fordelar, som mellom anna a) styrkje leiarnærværet og personaloppfølging, b) ansvar og mynde vert liggande på ein leiar c) medarbeidar har ein leiar å halde seg til d) organisasjonshygiene og d) rekrutteringsomsyn. Den einaste ulempa administrasjonen kan sjå er at lønsnivået vil vere noko høgare for ein avdelingsleiar enn fagleiar. Likevel vil styrkinga av dei samla HMS-faktorane ved DP, som ei slik endring i realiteten vil medføre, vege opp for ein avgrensa auke i lønskostandar.

Kommunalsjef stab har vore i dialog med hovudverneombod som i samd i ei slik omorganisering. Saka har òg vore diskutert i Kontaktutvalet den 25.10.18, der ein konkluderte med at omorganiseringa burde leggest fram for Arbeidsmiljøutvalet.

### Vurdering og konklusjon:

Administrasjonen tilrår ei omorganisering i Sektor for stab og Dokumentsenteret og politisk sekretariat i tråd med organisasjonskartet fig. 2 frå 1.1.2019.

### Konsekvensar for drift:

Styrking av samla HMS ved Dokumentsenteret og politisk sekretariat og medlemmane i stabsleiargruppa har like fullmakter og mynde.


Fosnavåg, 29.10.2018

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth  
Kommunalsjef stab

Sakshandsamar: Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth





Stab

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	JVDH	Arkivsaknr:	2018/1517
		Arkiv:	455

---

<b>Utvallsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
38/18	Arbeidsmiljøutvalet	07.11.2018

### REVIDERING AV HEIDRINGSREGLEMENT FOR KOMMUNALT TILSETTE

#### Tilråding:

Arbeidsmiljøutvalet vedtek revidert "Reglement for heidring av medarbeidar" som det ligg føre.

Reglementet vert gjeldande frå 01.01.2019.

Særutskrift:

- Kommunalsjefar
- Arbeidstakarorganisasjonane

## **Vedlegg:**

### **Samandrag av saka:**

Saka gjeld revidering av tidlegare vedteke heidringsreglement for tilsette i Herøy kommune.

### **Saksopplysningar:**

Gjeldande heidringsreglement vart vedteke i K-sak 159/11:

#### **Reglement for heidring av kommunalt tilsette**

- 1. Kommunale arbeidstakarar som er fast tilsett og fyller 50 år får blomar til ein verdi av ca. kr 400.- Blomane vert overrekt på fødselsdagen, av vedkomande sin nærmaste leiar, med skriftleg helsing frå næraste leiar. Er fødselsdagen i ei helg/høgtid skal blomane overrekkast siste arbeidsdag før helg/høgtid.*
- 2. Kommunale arbeidstakarar som er fast tilsett og fyller 60 år får blomar til ein verdi av ca. kr 400.- Har arbeidstakar hatt ei tenestetid på 10 år, vil vedkomande og få eit gavekort på kr. 1000.- i tillegg til blomane. Blomane vert overrekt på fødselsdagen av vedkomande sin nærmaste leiar, med skriftleg helsing frå næraste leiar. Er fødselsdagen i ei helg/høgtid skal blomane overrekkast siste arbeidsdag før helg/høgtid.*
- 3. Kommunale arbeidstakarar som er fast tilsett og fyller 70 år får blomar til ein verdi av ca. kr 400.- Blomane vert overrekt på fødselsdagen, av vedkomande sin nærmaste leiar, med skriftleg helsing frå næraste leiar. Er fødselsdagen i ei helg/høgtid skal blomane overrekkast siste arbeidsdag før helg/høgtid.*
- 4. Kommunale arbeidstakarar som har vore i kommunens teneste i 25 år, får ein krystallvase med inskripsjon og kommunevåpen. Det skal vere blomar i vasen. Gåva vert overrekt av næraste leiar eller avdelingsleiar ved arrangement på vedkomande sin arbeidsplass.*
- 5. Kommunale arbeidstakarar som har vore i kommunens teneste i 40 år, får gullklokke, inngravert Herøy kommune. Utdeling av gullklokke vert for 2011 gjort i siste kommunestyremøte før nyttår. Frå 01.01.2012 vert gullklokke overrekt av ordførar ved arrangement på vedkomande sin arbeidsplass.*
- 6. Kommunale arbeidstakarar som har vore i kommunens teneste i 50 år, får gavekort til ein verdi av kr 5000.- Gåva vert overrekt av næraste leiar eller avdelingsleiar ved arrangement på vedkomande sin arbeidsplass.*
- 7. Kommunale arbeidstakarar som sluttar i teneste ved oppnådd pensjonsalder eller vert pensjonerte og sluttar i teneste grunna sjukdom, og har hatt ei tenestetid på 10 år, får ein gavekort til ein verdi av kr. 5000.- Gåva vert overrekt av næraste leiar eller avdelingsleiar ved arrangement på vedkomande sin arbeidsplass. Dokumentasjon på avslutta arbeidsforhold må ligge føre.*
- 8. Ved gravferd til ein kommunal arbeidstakar, som framleis er i teneste, skal Herøy Kommune som arbeidsgjevar sende krans/bårebukett til ein verdi av ca. kr. 1200.-*
- 9. Ansvar for oppfølginga av dette regelverket ligg hjå vedkomande sin næraste leiar. Personalavdelinga tek ansvar for å gi melding til avdelingane om 50/60 åringar samt tenestetid og dei som sluttar.*
- 10. Utgiftene til gåver og blomar m.m. skal dekkast av den einskilde avdeling sitt budsjett.*
- 11. Endringar i reglementet som ikkje har økonomiske konsekvensar vert delegert til rådmannen å gjere.*

Ei partsamansett arbeidsgruppe har revidert gjeldande heidringsreglement, og dette vart i sin tur drøfta i Kontaktutvalet den 25.10.18. Kontaktutvalet var samd i at endringane ikkje var vesentlege og ikkje ville påføre kommunen auka kostnader. Det vart konkludert med at ein ikkje såg det som naudsynt eller føremålstenleg å leggje saka fram for Formannskap og Kommunestyret. Likevel konkluderte Kontaktutvalet med at Arbeidsmiljøutvalet skulle ha saka for handsaming.

Arbeidsgruppe har gjort særskilt tre endringar:

a) Modernisering av reglementet - ny oppbygning og utforming

Arbeidsgruppa endra på oppbygginga og utforming, med mål om at reglementet vert meir tilgjengeleg og oversiktleg gjennom kapittelinnending.

b) Endring av omgrep frå «tilsett» til «medarbeidar»

Arbeidsgruppa arbeider med revisjon av fleire personalreglement. Arbeidsgruppa ynskjer bevisst å nytte omgrepet «medarbeidar» i staden for «tilsett», so langt det er føremålstenleg og mogleg. Grunngevinga er av di arbeidsgruppa meiner omgrepet «medarbeidar» er eit meir inkluderande og positivt lada omgrep.

c) Teke bort heidring med gåvekort på kr. 1 000,- når tilsett fyller 60 år

Arbeidsgruppa hadde vanskar med å sjå grunngevinga for at ein medarbeidar skal heidrast med gåvekort nett ved 60 år. Dei fleste av våre nabokommunar har heller ikkje slik tilleggsheidring ved åremål. I praksis erfarer ein at denne tilleggsheidringa somme tider vert gløymt, noko som er svært uheldig. Arbeidsgruppa konkluderer difor med at denne tilleggsheidringa bør takast bort.

Revidert heidringsreglement vert lydande:

**Reglement for heidring av medarbeidarar i Herøy kommune**

**1. For kven og når reglementet gjeld**

- 1.1. Medarbeidar som er fast tilsett, uavhengig av stillingsstorleik.
- 1.2. Ved heidring av tenestetid vert samla tenestetid lagt til grunn.

**2. Ansvar**

- 2.1. Næraste leiar med personalansvar har ansvar for oppfølging av dette reglementet.  
*Næraste leiar kan be Personal- og organisasjonsavdelinga om naudsynt informasjon.*
- 2.2. Personal- og organisasjonsavdelinga har ansvar for å halde oversyn over tenestetid.
- 2.3. Personal- og organisasjonsavdelinga har ansvar for å minne næraste leiar om heidring når medarbeidar sluttar ved pensjon eller grunna sjukdom.

**3. Heidring av åremål**

- 3.1. Medarbeidar som fyller 50, 60 eller 70 år får blomar til ein verdi av kr 400.-.  
*Blomane skal overrekkast med skriftleg helsing frå næraste leiar.  
Heidringa skal skje ved passande høve nær fødselsdagen.*

**4. Heidring av tenestetid**

- 4.1. Medarbeidar som har vore i kommunen si teneste i 25 år, får ein krystallvase med inskripsjon og kommunevåpen.  
*Det skal vere blomar i vasen til ein verdi av kr. 300,-.  
Gåva vert overrekkast av næraste leiar ved arrangement på vedkomande sin arbeidsplass.*
- 4.2. Medarbeidar som har vore i kommunen si teneste i 40 år, får gullklokke inngravert med «Herøy kommune».  
*Gullklokke vert overrekkast av ordførar ved passande arrangement.*
- 4.3. Medarbeidar som har vore i kommunens teneste i 50 år, får gåvekort til ein verdi av kr 5000.-.  
*Gåva vert overrekkast av næraste leiar ved arrangement på vedkomande sin arbeidsplass.*

**5. Heidring ved tenesteslutt**

5.1. Medarbeidar som sluttar i teneste ved oppnådd pensjonsalder eller vert pensjonert og sluttar i teneste grunna sjukdom, får eit gåvekort til ein verdi av kr. 5000.-. Føresetnaden er at medarbeidar har hatt ei tenestetid på 10 år og at dokumentasjon på avslutta arbeidsforhold ligg føre.

Gåva vert overrekt av næraste leiar ved arrangement på vedkomande sin arbeidsplass.

**6. Merksemd ved dødsfall**

6.1. Ved gravferd til medarbeidar, som framleis er i teneste, skal Herøy kommune vise merksemd i form av krans eller båretbukett til ein verdi av kr. 1200.-.

**7. Presiseringar**

7.1. Utgiftene skal dekkast av den einskilde avdeling sitt budsjett.

7.2. Rådmannen, eller den han delegerer til, avgjer tvilsspørsmål og tolkingstvistar i medhald av reglementet.

7.3. Endringar i reglementet som ikkje har økonomiske konsekvensar vert delegert til rådmannen å gjere.

Fosnavåg, 29.10.2018

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth  
Kommunalsjef stab

Sakshandsamar: Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth